

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Bremanger

Emne: Skav.

Bygdelag:

Oppskr. av: Alv Övrebotten.

Gard:

(adresse): Kjelkenes.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Samla litt her og der. Dei viktugaste nemnde i svara.

SVAR

1. Eg har høyrt ordet bergingsfor (eit). Eitt uttrykk er og eit berg. "Eg lyt prøve å få noke lite te berg attåt."
2. Ikkje noko samnamn for desse forslaga.
3. Å skave - skjeve - skov - skave (skjeve vert og litt brukt.
4. Skav var nytta til krøterfor på alle gardar der ein hadde skog til det. Det vart kalla skav. Dei rekna med å bruke skav når dei sette på om hausten. I vanskelege år laut dei få tak i meir.
5. Osp, rogn og litt lind. Alm er så lite av her at dei ikkje brukte å skave den. Rogn var best. Alfred Sande, 70 år gamal, fortel at dei på Sande sa at rognen var eit velsigna tre. Han var og fredda slik at dei aldri hogg han til anna enn skav. Fura har aldri vore skaven her.
6. Dette ordet er ikkje kjent her.
7. Eit slikt rim er ikkje kjent her.
8. Berre kyrne fekk skav. Dei fekk det om vinteren og våren. Dei fekk det i høydottane, men høyet kunne det verte lite av, så det hende nok dei fekk det berre.
9. Her er meiningane delte. Sume seier at skav var eit svært godt for, andre seier at det helst var dårleg. Sume seier at smøret vart kvitt, andre gult. Grunnen er kanskje den at dei hadde anna hjelpefor attåt, d. d. fiskeavfall, slik at det ikkje vart lett å dømme om berre skavet. Det var vanleg meining at skav av osp sette beisk smak på mjölk og smör.
10. Dei gjekk ofte etter tre til skav. Men dei skov og ved som var hoggen til ved. Skav av hesjeveden vert ikkje nytta til krøtera.
11. Gå etter skav.
12. Skavved.
13. Ordet marka er ikkje kjent her. Ein har det kanskje i samansetjinga anmarkebeist (Eit). Det tyder vaksne kyr og uksar som dei får heim om hausten.
14. Det var om vinteren når det låg snö og om våren. Om våren laut dei av og til köyre skavved på töyren, sjölv om mykje av borken då vart skrapa av under köyringa heim. Langfredag vart aldri nytta til noko arbeid her. Arbeidet vart ikkje rekna for verre enn anna skogsarbeid.

2.

15. Før det meste var dei ute på tunet utfor skykkjedöra. Men på dei gardane der dei laut føre eller fløte heim vedden, stod dei i fjæra. T.d. Olav Indrehus 70 år gamal, fortel at han som gut laut stå i støa og skave. Det var surt og kaldt. Sume stod inne i skykkja når veret var for stygt. Eg har ikkje treft nokon som hugsar at dei skov inne i stova, men somme stader gjorde dei så mykje anna arbeid inne i stova, at det er rimeleg at dei hadde dette arbeidet for seg der.

16. Dei nytta ein kniv til dette. Dei kalla han for bandeknive (ein). Det vanlege var at han hadde skaft i begge endar. Kniven var litt bøgen.

Eg minnest at det i Övrebotten låg ein gamal bandekniv med skaft i den eine enden. Han var mykje meir böygd enn dei vanlege. Eg såg han aldri i bruk. Ikkje ein gong bestefar min Nils Övrebotten, född 1825 brukte denne kniven. Ljåbrot har eg ikkje fått spuråag på, og tynnsleljå kan ikkje folk minnest her.

17. Dei la støkken på ein annan stökk eller i sagekrakken og drog bandekniven mot seg. noko anna reiskap eller krakk har eg ikkje höyrt tale om.

18. Denne framgangsmåte er ikkje kjend her.

19. Dei sat på støkken med ein fot på kvar side og heldt i kniven med begge hender og drog kniven mot seg.

Tunne kjeppar kunne dei halde med den eine handa og kniven i hi. Dei sette då gjerne den eine enden av kjeppen ned i marka og förde kniven frå seg. Når det var heilt tunne greiner, sette dei kniven for kneet og drog kjeppen mot seg med vinstre handa.

20. Ein skavved, ein skavkjepp.

21. Det heiter skav (eit)

22. Dei ~~xxxx~~ skov store tre og greinene.


23. Dette har dei ikkje noko sers namn på.

24. Skavet skulle vere tunt. Når trea var tjukke, skov dei helst to gonger, heller to tunne skav enn eit tjukt. På gamle osper tok dei vekk det ytste harde, sprukne laget. Til det brukte dei gjerne ei öks.


25. Veden vart ofte brukt til bakstevd.

26. No vert ikkje skav nytta til for. Ein kan rekne med at bruket minka frå 1910 og utover, etter kvart som det vart lettare å få kraftfor.

Oktober 1948.



Vanleg bandekniv frå Bremanger.



Gamal bandekniv frå Övrebotten i Bremanger.

2191 Teikna etter minnet av Alv Övrebotten.